
Arkivsak-dok. 21/01405-20
Saksbehandler Jan Petter Vad

Saksgang	Møtedato	
Utvalg for plan og forvaltning	24.03.2022	PS-20/22

Saksframlegg

Sluttbehandling - Detaljregulering Åndalsnes brannstasjon

Kommunedirektørens innstilling:

I samsvar med plan- og bygningsloven § 12-14 vert detaljregulering for Åndalsnes brannstasjon godkjent.

Bakgrunn

Forslag til detaljregulering for Åndalsnes brannstasjon vart behandla i utvalg for plan og forvaltning i møte 25.11.2021. Planforslaget vart deretter lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 22.12.2021 – 18.02.2022.

Planforslaget skal legge til rette for etablering av ny brannstasjon med tilhøyrande veg- og utearealer. Bygningsmassen på området skal erstattes av eit nytt bygg.

Merknader

Alle merknadar er oppsummert og kommentert i planbeskrivelsen, og tiltakshavar har svara ut og tatt til følge alle råd og anbefalingar.

Statsforvaltaren sitt merknadsbrev hadde ikkje vorte ekspedert korrekt, så det vart ikkje sendt til kommunen før 10.mars. Statsforvaltaren fremma motsegn mot planforslaget på bakgrunn av mangelfull ROS-analyse. Dette gjaldt manglar vedrørande bl.a. flaum, havnivåstigning, stormflod og evakueringszone frå Mannen. Tiltakshavar har fått oppdatert ROS-analyse i tråd med Statsforvaltaren si motsegn, og vi meiner no at denne tilfredsstillar utgreiingskravet i plan- og bygningsloven. Vi har vore i dialog med Statsforvaltaren, og det er forventa tilbakemelding på om dei trekkjer motsegna innan møtet i utvalg for plan og forvaltning.

Vurdering

ROS-analyse

Tiltakshavar har oppdatert ROS-analyse, og dei punkta som Statsforvaltaren etterlyste har i stor grad vorte inkludert. På bakgrunn av desse nye punkta har ein i planbeskrivelsen vurdert konsekvensane av dei, og det har vorte teke inn eit par nye punkt i bestemmelsane. Dette kan beskrivast som mindre

presiseringar som vil medverke til at ein kan etablere ein trygg brannstasjon, og at omgivelsane ikkje vil oppleve negative ulemper som følge av etableringa.

Ei av tilbakemeldingane frå Statsforvaltaren var at det mangla ei vurdering av bølgepåverknad.

Bølgeretninga ved planområdet ligg i aust—vest-retning, det vil seie langs fjorden og kystlinja. Dette gir ei gunstig virkning for planområdet, og i tillegg til at brannstasjonen er planlagt bak eksisterande bygg, så vert det konkludert med at bølgepåverknad er lite aktuelt for planområdet.

Når det gjeld terrengheving og mogleg negativ påverknad på naboeigedomane, så vert det vurdert slik at dette ikkje vil vere spesielt relevant i dette området. Det er fjorden som påverkar vannstanden, og volumet av det terrenget som vert oppfylt vil ikkje fortrenge vatn som kan påverke omgjevnadane. Dette hadde vore ei meir relevant problemstilling dersom planområdet låg ved ei elv, og der ein til dømes hadde stengt for flomveggar.

Tilkomsvegen frå Øran ligg over kote 3 moh, og adkomsten til brannstasjonen skal dermed vere ivareteken ved stormflod og flaum. Statsforvaltaren har stilt spørsmål ved om brannstasjonen vil kunne verte utilgjengeleg ved større fjellskred frå Mannen og påfølgande flaum i Rauma elv. Dette er ei problemstilling som ikkje er unik for verken planområdet, brannstasjonen eller for Åndalsnes generelt, og vi kan ikkje sjå at dette er ei relevant problemstilling. Ved større hendingar har vi bistandsavtalar med andre omkringliggende redningsetatar som Vestnes og Lesja. I tillegg har NORBR eigen slagkraft med stasjonar, materiell og personell på Åfarnes og Måndalen, i tillegg til ressursar frå Molde som kan bistå. Statsforvaltaren ba også kommunen om å vurdere om det finst klimatilpassingiltak som kan tas inn i planen. Det er utarbeida ein VAO-plan, og denne legg opp til at overvatn skal handterast på eiga tomt. I samband med etablering av Helsehuset og ny veg langs Strandgata, vart det også etablert overvannsanlegg. Dette vart dimensjonert både for brannstasjonstomta og for drenering og grøfter langs Raumabanen. Alt dette vert ført med eget avløp til sjøen. Innafor planområdet er det satt av fleire grøntareal, og desse vil kunne brukast som snøopplag, i tillegg til infiltrering og fordrøyding før vatnet går i overvannsnettet.

Vi meiner vi har ivareteke Statsforvaltaren sine merknadar, og vi har oversendt reviderte dokumenter der vi har bedt om at motsegna vert trekt.

Grunnforhold

Planområdet ligger under marin grense, og i utløpsområdet for to kartlagte faresoner for kvikkleire.

Dette har blitt sjekket under gjennom geologiske undersøkelser, og selve planområdet er dokumentert som trygt. NVE påpeika at sikkerheita og stabiliteten til jernbana ikkje er spesifikt vurdert, og dei føreslo at det vart teke inn ein bestemmelse for sikre dette. Dette har no vorte gjort.

På bakgrunn av NVE sin merknad har det også vorte teke inn ein bestemmelse der det vert satt krav om ansvarsrett for geoteknikk i byggesaka.

Trafikksituasjon

Statens vegvesen har stilt spørsmål vedrørende støysituasjonen i området, og meiner at trafikken i området utvilsomt har endra seg sidan støyrapporten vart laga i 2015. I samband med dette er det blant anna vist til etablering av rampestreken og gondolen.

Vegvesenet har truleg rett i at trafikksituasjonen i området har endra seg sidan 2015, men vår oppfatning er at dei store turistmengdene som skal til sentrum køyrer via Gamle Romsdalsvegen. Det er også der det er skilta til sentrum. Etablering av helsehuset på nabotomta har derimot utvilsomt ført til ein viss auke i trafikken. Sidevegen av Strandgata som går inn mot Felleskjøpet har truleg hatt stabil trafikkmengde på desse åra. På bakgrunn av dette meiner vi at det ikkje er nødvendig med ytterlegare kartlegging eller tiltak for å kunne etablere brannstasjon i området.

Vegvesenet etterlyste ellers ei meir detaljert utforming av avkøyrslar, og viste då blant anna til siktlinje og henvisingar til vegnormalar, lovverk o.l. Dette har no vorte tatt inn i bestemmelsane.

Dette gjeld også krav om situasjonsplan og utomhusplan, som skal vise utforming av kjøre- og gangareal for å auke trafikksikkerheita.

Konklusjon

ROS-analyse, bestemmelsane og planbeskrivelsen har vorte justert og oppdatert i tråd med motsegna og dei andre merknadane som kom inn. Plankartet er uendra. Planforslaget kan på bakgrunn av dette godkjennast.

Vedlegg

4 Støyutredning for reguleringsplan Troa og Stokkekai-komprimert.pdf
Geoteknisk prosjekteringsrapport-komprimert.pdf
Miljøteknisk grunnundersøkelse med tiltaksplan Strandgata 58-komprimert.pdf
Trafikkanalyse - Åndalsnes brannstasjon-komprimert.pdf
Vurdering av flomfare for ny brannstasjon-komprimert.pdf
3D illustrasjoner.pdf
Illustrasjonsplan-09-11-21.pdf
Ny brannstasjon_plankart_09112021.pdf
Reguleringsbestemmelser Ny Brannstasjon-630012321_15032022
20220316 Rapport - ROS-analyse - Brannstasjon Åndalsnes - Strandgata 58
RpNyBrannstasjon_Planbeskrivelse-revidert-03-15-22
C 4.6 Notat om tilkobling av vann avløp og overvann